



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 06.12.2021: Jordbruket for landet 2020

## Auke i jordbruksinntekta i 2020

**Jordbruksinntekta auka med ni prosent frå 2019 til 2020. Det vart auke for dei fleste husdyrproduksjonane, men nedgang for kornprodusentane. Også for frukt- og bærprodusentane gjekk jordbruksinntekt ned i 2020.**

Bondens økonomi i «koronaåret» 2020 blei i gjennomsnitt betre enn i 2019. Mindre «harryhandel» i Sverige, større forbruk av mjølk og låge straumprisar kan ha vore medverkande faktorar. Det er likevel store forskjellar mellom ulike driftsformer og landsdelar viser NIBIO sine tal frå driftsgranskingane 2020.

Det viser dei årlege driftsgranskingane utført av NIBIO. Driftsgranskingane for 2020 omfattar rekneskapstal frå 924 bruk fordelte over heile landet. Jordbruksinntekta auka med kr 27 600 per årsverk frå 2019 til 2020, og vart kr 327 800. Inntektsnivået var høgast på flatbygdene på Austlandet og på Jæren med høvesvis 412 800 og kr 359 000.

Produksjonsinntektene auka med 4 prosent. Husdyrinntektene, som utgjer 56 prosent av produksjonsinntektene, auka med 3 prosent. Til dømes auka inntektene frå sal av storfekjøt med 7 prosent og frå slaktegris med 15 prosent. Også inntektene frå planteproduksjon og tilskot auka frå 2019 til 2020 i gjennomsnitt for landet.

Kostnadene auka i gjennomsnitt med 3 prosent. Dei variable kostnadene auka med 4 prosent i gjennomsnitt, men med stor variasjon mellom ulike kostnadspostar. Fôrkostnaden, som utgjer den største posten av dei variable kostnadene, auka med 2 prosent. Av dei faste kostnadene gjekk kostnader til elektrisk kraft og drivstoff ned med høvesvis 12 prosent og 28 prosent frå 2019 til 2020, medan avskrivningane auka med 5 prosent. I gjennomsnitt gjekk dei faste kostnadene opp med 0,5 prosent

Arealet per bruk auka med 11 dekar, til i snitt 418 dekar. Produksjonsomfanget auka noko for mjølk, men for resten av husdyrhaldet var det små endringar frå 2019. Arbeidsinnsatsen var uendra med 1,6 årsverk per bruk.

### Auke for mjølkeprodusentane

Jordbruksinntekta til mjølkeprodusentane auka med 4 prosent frå 2019, etter tre år med nedgang. I 2020 oppnådde dei ei jordbruksinntekt på kr 305 000. Mjølkeprodusentane fekk auke mjølkekvote i 2020, og sjølv om mjølkeprisen gjekk ned, bidrog auka produksjon saman med auke i prisane på storfekjøt, til at inntekta auka. Det var 305 bruk med mjølkeproduksjon med i granskinga for 2020.

Etter eit brukbart år for kornproduksjon i 2019 gjekk jordbruksinntekta ned igjen i 2020, og kornprodusentane fekk i gjennomsnitt for landet ei jordbruksinntekt på kr 227 200. Det var stor skilnad i jordbruksinntekt mellom kornbygdene på Austlandet og i Trøndelag. Medan inntekta auka på Austlandet, vart det negativt resultat for kornbøndene i Trøndelag.

Av produksjonane det vert publisert tal for, var det svinehald i kombinasjon med korn som fekk høgast jordbruksinntekt i 2020 med kr 473 700 per årsverk. Det var ein auke på 28 prosent frå 2019. Bruka med sauehald fekk same jordbruksinntekt som i 2019, kr 163 900 per årsverk, og vart driftsforma med lågast jordbruksinntekt i 2020.



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 06.12.2021: Jordbruket for landet 2020

### **Auka investeringar**

Gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk auka frå kr 113 800 til 161 400 frå 2019 til 2020, ein auke på 42 prosent. Høgast nettoinvestering fann vi i Trøndelag, der det var nokre av bruka som hadde investert mange millionar i nye driftsbygningar. Det drog opp gjennomsnittet. Bruka på Jæren hadde negativ nettoinvestering for andre år på rad, men i denne regionen har investeringsviljen vore stor i tidlegare år. Negativ nettoinvestering betyr at verdien på driftsmidla går ned.

Gjelda auka med 5 prosent i snitt per bruk. Gjeldsdelen for driftsgranskingsbruka var 48 prosent i 2020, det same som i 2019. Det tyder på god soliditet.

### **Jordbruket sin del av samla inntekt auka**

Nettoinntekta for brukarfamilien var på kr 1 076 000 i 2020, ein auke på 5 prosent frå 2019. I nettoinntekt inngår alle inntekter for brukarfamilien, både i og utanfor bruket, med frådrag av gjeldsrenter og kår.

Jordbrukets del av brukarfamiliens samla inntekter var 37 prosent, 3 prosentpoeng meir enn i 2019. Bidrag frå tilleggsnæringar med basis i ressursane på bruket stod for 9 prosent, og skogbruket for 1 prosent av samla inntekter. Løsinntekter utgjorde 42 prosent, 1 prosentpoeng meir enn i 2019.

### **Jordbruksfrådrag**

Jordbruksfrådraget vert fastsett i jordbruksoppgjeret. For 2020 var maksimalt frådrag kr 190 400, kr 24 000 meir enn i 2019. Skattefordelen av jordbruksfrådrag er rekna til kr 34 900 per årsverk for 2020. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 362 700, ein auke på 9 prosent frå 2019.

### **Skog – nedgang i resultat**

For 113 gardsbruk med skog er det utført ei eiga undersøking. Det gjennomsnittlege skogarealet på desse bruka er 1 570 dekar.

Gjennomsnittleg driftsoverskot per skogbrukseigedom var kr 68 500, ein nedgang på kr 25 900 frå 2019. Lågare prisar på virke og høgare kostnader er årsaker til nedgangen.

### **Kontaktpersonar ved NIBIO**

Heidi Knutsen  
seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk  
statistikk

Eva Øvren  
seniorrådgjevar, divisjon Kart og

Telefon: 472 77 017  
E-post: [heidi.knutsen@nibio.no](mailto:heidi.knutsen@nibio.no)

Telefon: 902 89 619  
E-post: [eva.ovren@nibio.no](mailto:eva.ovren@nibio.no)

Driftsgranskningane omfattar for 2020 rekneskapstal frå 924 bruk fordelte over heile landet. Sjå meir informasjon og utfyllande tabellar på: [www.nibio.no](http://www.nibio.no)

### **Ordforklaringar**

**Jordbruksinntekta** blir målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

**Skattefordel** for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarende den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

**Kår** er ei kontraktfesta yting til tidlegare eigar.

**Leasing** er langtidsleige, som oftast av maskiner eller inventar.